



Statsforvaltaren i Vestland

## **HORNELEN**

Orientering om mogleg nasjonalpark på  
Hornelen-halvøya i Bremanger kommune

Dette notatet er utarbeidd som eit faktagrunnlag for Bremanger kommune når kommunestyret skal avgjere om kommunen ønskjer at det startast opp ein verneplanprosess for Hornelen. Det er eit forsøk på å svare ut spørsmål som kom opp under kommunestyremøtet i juni 2022, der Statsforvaltaren presenterte oppdraget om supplerande vern, og elles gjere greie for prosessen ved vern etter naturmangfaldlova.

Notatet er skriva av Statsforvaltaren i Vestland, etter at vi i november 2021 fekk i oppdrag frå Miljødirektoratet å vurdere oppretting av tre nye nasjonalparkar i fylket.

Notatet gir ei skildring av oppdraget frå Miljødirektoratet, den naturfaglege bakgrunnen for eit eventuelt vern av Hornelen, og kva verknader eit vern vil kunne få for brukarane av området. Det er også presentert eit framlegg til mogleg avgrensing av eit verneområde.

Det må understrekast at notatet er utarbeidd før det er avgjort om ein verneprosess skal setjast i gong, og dersom det skjer, vil innhenting av meir detaljert informasjon vere ein viktig del av arbeidet.

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Tore Larsen  
saksbehandlar

Dokumentet er oppdatert i november 2023



*Statsforvaltaren har fått i oppdrag å greie ut om det kan vere aktuelt med ein nasjonalpark ved Hornelen. Ein eventuell nasjonalpark her vil bli både den vestlegaste og den minste i Noreg, og kanskje også den brattaste? Foto Tore Larsen*

## Innhald

1. Bakgrunn for framlegget om Hornelen nasjonalpark	4
1.1 Ein verneprosess blir ikkje starta opp utan aksept frå kommunen	4
2. Særtrekk ved Hornelen og det faglege grunnlaget for verneframlegget	6
2.1 Landskap	6
2.2 Naturmangfald	6
2.3 Geologi	6
2.4 Kulturminne	6
3. Brukarinteresser som kan vere særleg relevante ved utforminga av ein nasjonalpark	7
3.1 Friluftsliv	7
3.2 Landbruk	8
3.3 Infrastruktur	8
4. Mogleg avgrensing av ein eventuell nasjonalpark ved Hornelen	9
4.1 Kva legg føringar for avgrensinga av ein nasjonalpark?	9
Via ferrata	9
Tradisjonelt friluftsliv	11
Landbruk	11
Infrastruktur – vegar og kraftlinjer	11
5. Verknader av eit vern	14
5.1 Restriksjonar på bruken av området	14
Landskap	15
Planteliv	15
Dyreliv	15
Motorferdsel	16
Den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48	16
5.2 Forvaltning før og etter eit vernevedtak	16
5.3 Nasjonalparkstyre, økonomi og praktiske tilhøve	17
6. Erstatning	18
7. Oppstartvarsel	18
8. Verneforskrift	18
9. Vedlegg: Tilbakemeldingar etter informasjonsmøte i Berle	23

## 1. Bakgrunn for framlegget om Hornelen nasjonalpark

Framlegget om å vurdere Hornelen som nasjonalpark skriv seg frå arbeidet med bevaring av verdifull natur i Noreg. Arbeidet har som mål å verne meir av dei naturtypane som det i dag finst lite av i norske verneområde, og er også omtalt som supplerande vern. Arbeidet er forankra i stortingsbehandlinga av Meld.St. 14 (2015-2016) *Natur for livet*.

Formålet med bevaring av verdifull natur er å bidra til å nå dei nasjonale måla for naturmangfald:

- Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtenester
- Ingen artar eller naturtypar skal utryddast, og utviklinga til trua og nær trua artar og naturtypar skal betrast
- Eit representativt utval av norsk natur skal bli tatt vare på for komande generasjonar

For å følgje opp desse måla, og særleg det siste, gav Klima- og miljødepartementet i 2018 Miljødirektoratet i oppdrag å identifisere konkrete område som kunne bidra til å fylle manglane i eksisterande verneområde. Norsk institutt for naturforskning (NINA) hadde da gått gjennom alle norske verneområde og undersøkt i kva grad ulike naturtypar er representerte i verneområda. Etersom dei fleste store verneområda i Noreg ligg i høgfjellet, er det mange særigne og/eller artsrike naturtypar som er dårleg representerte eller manglar heilt.

Med bakgrunn i m.a. NINA sine vurderingar plukka Statsforvaltaren i Vestland ut totalt 99 kandidat område, som blei sendt til Miljødirektoratet 1.2.2019. I mai same år hadde direktoratet gått gjennom innspela frå alle statsforvaltarane, og sende si innstilling til Klima- og miljødepartementet. Dei vurderte at 32 kandidat område i Vestland fylke var spesielt eigna til å bidra med naturtypar som er dårleg representerte i eksisterande verneområde, og at tre område eigna seg som bidrag til det nasjonale nettverket av større verneområde (nasjonalparkar og landskapsvernområde).

Eitt av desse områda var Hornelen, dei andre to var Masfjordfjella i Nordhordland og Øystesefjella i Hardanger. I tillegg blei det føreslått mindre utvidingar av nasjonalparkane i Jotunheimen og Jostedalbreen, og at Ålfotbreen landskapsvernområde bør vurderast for status som nasjonalpark.

### **1.1 Ein verneprosess blir ikkje starta opp utan aksept frå kommunen**

I september 2021 fekk Miljødirektoratet grønt lys frå Klima- og miljødepartementet til å arbeide vidare med dei utvalde områda, og i november same år fekk Statsforvaltaren i oppdrag å avklare med dei potensielle nasjonalparkkommunane om det er aktuelt å greie ut vern, og å starte ein verneplanprosess dersom det er kommunal aksept for dette:


*Miljødirektoratet og de aktuelle statsforvalterne bes samarbeide og ha tett dialog med kommunene forut for oppstart av formelle verneplanprosesser, slik at det kan avklares helt konkret hvilke områder og arealer som er aktuelle å ha med i en videre utredning av vern som nasjonalpark eller landskapsvernområde. Departementet ber også om at Miljødirektoratet og de aktuelle statsforvalterne ha dialog med aktuelle grunneierorganisasjoner, samiske interesser og natur- og friluftorganisasjoner på nasjonalt/regionalt nivå før formelle verneplanprosesser starter. Gjennom dialogen med kommunene kan statsforvalteren avklare aktuelle avgrensninger (både utvidelser og reduksjoner) og foreslå andre og/eller alternative arealer i tilknytning til de aktuelle områdene, for eksempel for å dekke en større variasjon i livsmiljøer fra hav til høyfjell.*

Kommunen blir no bede om å seie ja eller nei til at ei utgreiing om vern av Hornelen blir sett i gong, eventuelt eit ja på visse vilkår dersom kommunen ønskjer endringar i framlegget (t.d. grensedraging eller formuleringar i verneforskrifta). Statsforvaltaren må då vurdere om kommunen sitt «tilbod»

sikrar dei verneverdiane ein ønskjer å ivareta, slik at det er hensiktsmessig å gå vidare med verneprosessen.

Seier kommunen ja, vil Statsforvaltaren varsle oppstart av vern og starte ein verneprosess på same måte som i tidlegare vernesaker. Ein slik verneprosess vil ta nokre år frå oppstartvarsel til vernevedtak, og omfattar kunnskapsinnhenting, involvering av berørte partar, utarbeiding av verneframlegg og høyring, før endeleg godkjenning ved kongleg resolusjon. Kommunen forpliktar seg ikkje til noko, og kan når som helst i prosessen vedta at den skal stoppast.

Dersom kommunen seier nei, vil det ikkje bli jobba vidare med verneframlegget.



*Ein verneprosess kan delast i ni hovudetappar fram mot eit eventuelt vernevedtak. For Hornelen sin del er vi no i fase to, som er informasjonsfasen. Dersom kommunen no gir si tilslutning til at prosessen går vidare, er det naturleg å ta endeleg stilling til verneframlegget i fase seks.*

## 2. Særtrekk ved Hornelen og det faglege grunnlaget for vern

### 2.1 Landskap

Kystnatur er sterkt underrepresentert i dei store verneområda, særleg i Sør-Noreg der det i dag ikkje finst større verneområde på nokon av øyane. Av nasjonalparkane er Folgefonna i Hardanger den vestlegaste. Av landskapsvernområde ved kysten av Sør-Noreg finst eitt på Jæren, men elles er det heller ingen landskapsvernområde lenger vest enn ved Ålfotbreen.

Hornelen har ein stor høgdegradient (0-889 meter), i eit relativt urøyrt kystområde med særprega fjellformasjonar og stor landskapsverdi. Bremangerlandet er del av den uvanlege landskapsforma platakyst («næringskyst») som i Noreg berre finst på nordvestlandet og i Troms og Finnmark.

Det er fleire små og store elve- og bekkeløp med utløp i fjorden rundt heile Hornelenmassivet, med bekkedaler og raviner.

### 2.2 Naturmangfald

Hornelen har stor naturvariasjon frå varme-krevande artar i sørvendte berg ved havnivå, til fjellplantar på toppen, og alpin hei som på kysten finst som isolerte habitatøyer. Det er spor etter tidlegare slått og beiting i nedre delar mot sjøen, både i form av naturtypar og artar som kjenne-teikner slik aktivitet. Stadvis finst både varme-krevande og alpine artar saman.

Kystberg er lite representerte i norske verneområde, men har sitt eige, spesialiserte artsmangfald særleg knytt til nordvende og fuktige område. Fossegrimemose er eit godt døme; dette er ein høgt raudlista art som i Noreg har si største utbreiing i Bremanger kommune. Den er rett nok enno ikkje påvist ved Hornelen, men det skuldast nok mest at den bratte nordsida enno ikkje er undersøkt i særleg grad.

Den lettare tilgjengelege og litt mindre skuggefulle, men likevel fuktige fjellsida mot Berlepollen er betre undersøkt.

Dei vanskeleg tilgjengelege fjellveggane gjer Hornelen til eit attraktivt hekkeområde for fugleartar som ønsker å gjere tilkomsten til reiret så vanskeleg som mogleg for andre, og det hekkar både vandrefalk, havørn og kongeørn i fjellsidene. Oppe på toppen har fuglefaunaen eit alpint preg, med ringtrast, steinskvett og heipiplerke, men fuglelivet er ikkje godt undersøkt verken der eller i dei meir skogkledde, nedre delane av fjellsidene.

### 2.3 Geologi

Også geologisk er Hornelen interessant, med sandstein og konglomerat frå devontida (350-400 millionar år sidan). Hornelen devonfelt strekk seg austover inn i Ålfotbreområdet. Det oppsprukne berget øvst på Hornelen tyder på at toppen har vore over innlandsisen under istidene.

### 2.4 Kulturminne

Det er store mengder automatisk freda kulturminne nede ved sjøen i nord, mot Skatestraumen. Få fjell i Noreg har så mange segner og mystikk knytt til seg som Hornelen (eller Smalsarhorn, som klippa blei kalt i norrøn tid).

#### Mange livsmiljø, og nokre raudlista artar

Dei brå høgde-, varme-, og næringsgradientane gjer at det innanfor et relativt lite område er funne **edellauvskogsartar** som marsipankremle, liljekonvall og myske, **strandplantar** som strandsmelle, **fjellplantar** som fjellsmelle og bergfrue, **kulturengplantar** som småengkall og den raudlista orkidéeeen **kvitkurle** (nær truga, NT), og ein del **kalkindikatorar** som vill-lin og gulsildre.

På berg er dei raudlista lavartane **randprikklav** (sårbar, VU) og **kystblåfjiltlav** (NT) funne, mens **villapal** (VU) er funne nede mot fjorden. I dei vestvende skråningane mot Berlepollen var botanikarar på besøk allereie for over 100 år sidan og fann mosar som no er raudlista, som **øygardsmose** (NT), **prakttraugmose** (NT) og **flaummose** (NT). I same område er det også funne

### 3. Brukarinteresser som kan vere særleg relevante ved utforminga av ein nasjonalpark

Det er ikkje samla inn detaljert informasjon om brukarinteresser i området. Dette vil skje som ein del av ein eventuell verneprosess, gjennom kontakt med brukarar i området. Her kan det derfor berre bli gitt eit grovt oversyn.

#### 3.1 Friluftsliv

Toppen av Hornelen (857 moh) er ein viktig attraksjon for både lokalt og regionalt friluftsliv. Det går merka og tilrettelagt sti frå nord (Hornskor), og delvis merka sti frå sørvest (Berleneset). Basert på tilbakemelding frå dei lokale turlaga til Bremanger kommune, hadde i underkant av 3500 personar skrive seg inn i turbok som brukarar av stiane til Hornelen i 2021, med 80 % frå Hunskår og 20 % frå Berleneset. Fjellet er viktig i markedsføringa av kommunen som turismål.

Eit via ferrata-anlegg stod ferdig i 2023 i området frå Slettebakkane i nord og opp til toppen av Hornelen.

Det er to stølsområde nær kvarandre nordvest i området: Klubbesætra (ca. 190 moh) og Hornskorsætra (ca 255 moh), der det står nokre stølsbygningar/hytter og gamle murar.

*Kartet viser kraftliner (svart strek), vegar (fylkesveg: raud strek, lokalveg, grå strek), stiar (brun stipla strek), busetting og dyrka mark (gule areal) på Hornelen-halvøya.*



Drygt 2 km lenger sør ligg Hesteviksætra, i 440 m høgde mellom Berlepollen og Svartevatnet.

På sørsida av Hornelenmassivet er det i kartverket registrert fire eigeidomsteigar ved Hjellettunet over Klubben, og tre ned mot fjorden ved Storlineset. Dei sistnemnde ligg i svært bratt terreng, og dei andre på kanten av ein rygg i bratt berg. Vi har ikkje funne ut kvifor desse teigane er skilt ut eller kor gamle dei er. Dei fire lengst aust ligg i omsynssone landskap, som gjeld dei austlegaste 2/3 av Hornelen-halvøya.

### **3.2 Landbruk**

På Berleneset i sørvest ligg fleire gardar ned mot Berlepollen, med både fulldyrka og overflatedyrka jord, og innmarksbeite. I overkant av gardane er det lynghei, men også fleire skogplantefelt. Med unntak for gravplassen på Hornskor, og nokre eigeidomsteigar på Berleneset som er føreslått regulerte til spreidd fritidsbusetnad, er heile Hornelen-halvøya LNFR-område.

Bruken av utmarksområda må kartleggast som ein del av utgreiingsarbeidet.

### **3.3 Infrastruktur**

Ved Klubben nord på Hornelenhalvøya kjem fylkesveg 616 opp av tunellen under Skatestraumen og går vestover mot Oldeide. Ved Lågeidet tar fylkesveg 5712 av i eit kryss og går gjennom tunell til Berle, og like etter tunellen tar ein lokalveg av og går utover mot Berleneset på austsida av Berlepollen, dvs. vest på Hornelenhalvøya. Nord på halvøya tar ein annan lokalveg av like vest for Skatestraumtunellen og går austover mot Hornskor og gravplassen, der stiane mot hv. Hornelen og Hornelsneset tar til.

I området finst nokre kraftlinjer i distribusjonsnett (24 kV). Frå Hornskor går ei linje vestover langs vegen til Elvaneset, der den splittast i to og går vidare vestover oppe i fjellsida. Den eine av linjene passerer nord for Skjeklevatnet heilt nordvest på Hornelenhalvøya og møter ei anna 24 kV linje som går sørover på vestsida av Berlepollen. Ute på Berleneset får bustadane der straum frå ei linje som kjem over Vågen i Berlepollen frå Berle.

## 4. Avgrensing av ein eventuell nasjonalpark ved Hornelen

Statsforvaltaren føreslo i utgangspunktet Hornelen som landskapsvernområde fordi det er eit relativt lite område, om lag 20 km<sup>2</sup> (Noregs hittil minste nasjonalpark, Gutulia, er på 23 km<sup>2</sup>), men la til at nasjonalpark også kunne vere aktuell verneform. Miljødirektoratet gjekk for det siste i si innmelding til departementet. Dersom Bremanger kommune rår til at ein verneprosess kan startast opp, vil den vidare prosessen avklare kva verneform som er aktuell og ønskjeleg i området.

### 4.1 Kva legg føringar for avgrensinga av ein nasjonalpark?

Formål og retningslinjer for ein nasjonalpark er definert i § 35 i naturmangfaldlova:

Som nasjonalpark kan vernes større naturområder som inneholder særegne eller representative økosystemer eller landskap og som er uten tyngre naturinngrep.

I nasjonalparker skal ingen varig påvirkning av naturmiljø eller kulturminner finne sted, med mindre slik påvirkning er en forutsetning for å ivareta verneformålet. Forskriften skal verne landskapet med planter, dyr, geologiske forekomster og kulturminner mot utbygging, anlegg, forurensning og annen aktivitet som kan skade formålet med vernet, og sikre en uforstyrret opplevelse av naturen. Ferdsel til fots i samsvar med frilufslovens regler er tillatt. Slik ferdsel kan bare begrenses eller forbys i avgrensede områder i en nasjonalpark, og bare dersom det er nødvendig for å bevare planter eller dyr, kulturminner eller geologiske forekomster.

Utkast til forvaltningsplan skal legges frem samtidig med vernevedtaket. Der det også er aktuelt med skjøtselsplan, skal den inngå i forvaltningsplanen.


Ut frå første ledd i § 35 betyr dette at grensene for ein nasjonalpark ved Hornelen bør gå slik at ein unngår busette område og område med inngrep og teknisk tilrettelegging. Det er rimeleg klart at t.d. vegar, kraftlinjer og innmark i utgangspunktet ikkje bør inngå i ein nasjonalpark, mens fokuset på kulturminne i andre ledd gjer at t.d. stiar, driftevegar og stølar er akseptabelt. Dette er også noko av bakgrunnen for at nasjonalparker flest har verneforskrifter som opnar for å gi løyve til enkle tilretteleggingstiltak i form av bruer over elver, kloppar over myr, og steinsetting av stiar i bratt terreng der terrengslitasje elles vil kunne bli eit problem.

### ***Via ferrata***


Det blei sommaren 2023 opna eit via ferrata-anlegg i området frå Slettebakkane og opp til toppen av Hornelen. Før anlegget var ferdig, diskuterte Statsforvaltaren tiltaket med Miljødirektoratet for å avklare om via ferrataen ville utelukke nasjonalparkstatus for Hornelen. Ulike framlegg til utforming og plassering av via ferrataen har blitt vist i løpet av planprosessen, men med utgangspunkt i at den endeleg utforminga ville likne på den som er presentert i illustrasjonsbilete frå iVest Consult 20.1.22, konkluderte Miljødirektoratet med at øvre del av via ferrataen opp mot sjølve Hornelen ikkje vil vere til hinder for nasjonalparkstatus (vurderinga er gjort med bakgrunn i at via ferrataen blir lite synleg og utgjer eit lite og reversibelt inngrep, og at den i dette tilfellet allereie er på plass før vernevedtak er aktuelt). I den nedre delen av anlegget, med plankestiar, trapper og gapahuk, vurderer vi så langt at omfanget av installasjonar er for stort til at nasjonalparkstatus er aktuelt.

Miljødirektoratet la til grunn at det ikkje blir tekniske inngrep på toppen av Hornelen, og etter det vi forstår blir det ingen slike i samband med via ferrata-anlegget. Ut frå dette ser vi føre oss ei avgrensing av ein eventuell nasjonalpark i området ved Hornelen der nedre del av via ferrata-anlegget ikkje er inkludert, som vist under. Det utelete arealet eller delar av det kan eventuelt få

status som landskapsvernområde, dersom ein gjennom prosessen finn ut at det er ønskeleg og mogleg.



Mogleg avgrensing av eit verneområde (rosa) ved Hornelsneset, der den mest omfattande tekniske tilrettelegginga er halden utanfor. Grensa er basert på illustrasjonen under, som er tilsendt frå Bremanger kommune. På kartet ligg stien til Hornelsneset (og dermed også nokre kulturminne) utanfor verneområdet. Det kan diskuteras kva som er ønskeleg der.



Dersom ein ventar eit stort behov for vedlikehaldsarbeid på stien inn til via ferrataen (t.d. på grunn av ras), kan det vere at det er mest praktisk å halde dette arealet utanfor verna område. På den andre sida kan det vere ein fordel om t.d. kulturminna på begge sider av stien kjem med i verneområdet, med tanke på tilskotsmidlar for å rydde dei fram og halde dei ved like.

### **Tradisjonelt friluftsliv**

Tradisjonelt friluftsliv blir normalt ikkje påverka av verneområde i Noreg, med mindre eit verneområde er oppretta spesielt for å skjerme organismar som er følsame for forstyringar (t.d. tidsbestemt ferdselsforbod i våtmark eller på holmar med hekkande fuglar). Dette er ikkje aktuelt ved Hornelen.

Det er fleire stiar i området. Stiar utan spesiell opparbeiding er ein vanleg og viktig del av ferdselsnett i utmark, og vil ikkje påverke grensetrekkinga av eit verneområde. Meir tilrettelagde ferdselsveggar, som t.d. såkalla sherpatrappar, kjem i ein gråson. I ein nasjonalpark er det eit krav at verneforskrifta formulerast med tanke på å verne landskapet med plantar, dyr, geologiske førekomstar og kulturminne mot «utbygging og anlegg», og sherpatrappar kan vere såpass dominerande i terrenget at dei fell inn under kategorien anlegg. På den andre sida er dei laga utan andre element enn stein, og i område med stor ferdsel og fuktig eller laust underlag kan alternativet fort bli terrengslitasje som set store merke etter seg. Sherpatrappene i stien opp frå Hornskor er lagt i eit bratt og noko fuktig, nordvendt terreng der ferdsel elles set tydelege spor, og oppe på fjellplatået er det brukt ulike grader av tilpassing av stein i ur som elles kan vere utfrodrende å ferdist i. Statsforvaltaren vurderer førebels at tilrettelegginga av stiar ved Hornelen er akseptable inngrep i eit mykje brukt turområde, og at dei kan inkludrast i ein eventuell nasjonalpark.

Det blei vurdert å sette opp eit sikringsgjerde på toppen av Hornelen i samband med planen om via ferrata, men dette tiltaket er tatt ut av planen. Friluftslivet i Noreg er tufta på at all ferdsel i naturen skjer på eige ansvar, og sikringstiltak er derfor sjeldne her i landet. I den grad dei finst, utløyser dei gjerne eit ansvar for vedlikehald. Sikringstiltak fører såleis både til at hovudregelen om ferdsel på eige ansvar blir utvatna, og at den som er ansvarleg for sikringstiltaket kan kome i erstatningsfokus ved eventuelle ulukker. Av lokalitetar som kan minne ein del om Hornelen, er det til dømes ikkje nokon form for sikring verken ved Preikestolen (ikkje verna) eller ved Kjerag (i Frafjordheiane landskapsvernområde), trass i langt fleire besøkande.

Sikring av besøkande med gjerde og liknande er tiltak ein ikkje kan rekne med å kunne gjere i ein nasjonalpark. I eit landskapsvernområde er det noko vidare rammer for inngrep og tiltak.

### **Landbruk**

Ved avgrensing av verneområdet er det tatt som utgangspunkt at busette område og innmark ikkje skal vere del av ein eventuell nasjonalpark, slik det går fram av naturmangfaldlova § 35 (sjå side 9). Både busette område og innmark må i denne samanhengen reknast som «tyngre naturinngrep».

For landskapsvernområde er det ikkje lagt same vekt på å unngå naturinngrep, og verneforma omfattar «*natur- eller kulturlandskap av økologisk, kulturell eller opplevelsesmessig verdi*». Det er likevel sjeldan aktuelt å verne område med busetnad og innmark.

### **Infrastruktur – vegar og kraftlinjer**


Også infrastruktur som vegar og kraftlinjer blir rekna som tyngre naturinngrep, og vil normalt ikkje vere del av eit verneområde. Dei siste tiåra har rett nok store, samanhengande landareal utan anten vegar eller kraftlinjer blitt sjeldne, men når det gjeld Hornelenhalvøya er den framleis prega av ubrotne høgdegradientar frå fjord til fjell. Det er derfor ikkje nødvendig eller aktuelt å inkludere vegar eller kraftlinjer for å få ei god avgrensing av eit verneområde her.

Det går veg og kraftline på nordsida av Hornelenhalvøya, og veg langs Berlepollen på vestsida. I dei same områda er det interessante naturtypar som bør inkluderast i ein kystnær nasjonalpark. Bratte skrentar både med og utan skog (helst ikkje altfor høgt over havet) har ofte eit særprega artsmangfald. I skuggefulle, nordvende lisider er det som regel jamt høg fukt både i bakken og i lufta, og der lever gjerne fuktkevande artar av lav, mosar og sopp på berg og tre. Mange av dei er knytte til kystnære område fordi desse gjerne har spesielt gode fukttilhøve.


Nordvende berg, og berg og rasmark generelt ved kysten, er naturtypar som er lite representerte i norske naturvernområde. Vi har derfor føreslått å legge vernegrensa i nord og vest eit godt stykke nedover fjellsidene. Langs fylkesveg 616 i nord føreslår vi at grensa blir lagt slik at dei aller brattaste partia blir med i nasjonalparken. Grensa kjem da stort sett så langt frå vegar og kraftlinjer at vedlikehaldsarbeid og liknande kan skje utan at ein treng å forhalde seg til verneområdet. Langs vegen på austsida av Berlepollen er grensa føreslått lagt ti meter frå vegkanten (målt horisontalt) langs den nordlegaste halvdelen av vegen. Ein verneprosess vil her avklare om vegen er såpass rasutsett at ein må rekne med sikringstiltak og hyppig vedlikehald, og derfor trekke grensa lenger unna vegen. Grensa langs den sørlege halvdelen av vegen er føreslått trekt opp mot den aller brattaste bergfoten, slik at eigedomsteigane sørover mot Berleneset i stor grad blir liggande utanfor nasjonalparkgrensa.

I den grad det skulle bli aktuelt med rassikring av vegar i området, kan det vere at det må gjerast tiltak inne i verneområdet dersom vernegrensa blir lagt langt nede. Det er vanskeleg å seie no kva område som er mest aktuelle for slike sikringstiltak, og i kva høgde dei eventuelt må gjerast. For i det heile å få bratte parti i middels høgde med i verneområdet, føreslår vi derfor å trekke vernegrensa eit godt stykke ned, og heller vurdere å opne for eventuelle sikringstiltak i verneforskrifta. Der det ikkje går veg langs sjøen, føreslår vi at grensa for ein nasjonalpark går i overgangen mellom land og sjø. Eit anna unntak blir området ved via ferrataen, og eventuelt også stien dit, som nemnt over.

*Kartet viser eit mogleg framlegg til grense for Hornelen nasjonalpark på den nordlege delen av Hornelenhalvøya (for området ved sjølv Hornelen i aust, sjå kartet på side 8). For å få med naturmangfaldet i nordvendte berg er grensa føreslått trekt ned mot bergfoten ved dei brattaste partia. Langs kraftlina i vest er grensa lagt 30 meter unna senterlinja, slik at det skal vere godt rom for vedlikehaldsarbeid.*



Ei mogleg avgrensing av Hornelen nasjonalpark på den vestlege delen av Hornelen-halvøya. I nord er grensa føreslått trekt frå kraftlinja og ned mot veggen til Berleneset. Derifrå går grensa 10 meter (horisontalt) frå veggen sørover til Ytste Hestvikelva, med unntak for ein tunell der grensa går til sjøen. Sør for Ytste Hestvikelva ligg eigedomsteigane til bruka på Berleneset på rekke sørover. Der er vernegrensa trekt opp til den bratte bergfoten og følgjer denne sørover til det første bruket ved Hestevik. Vidare sørover følgjer vernegrensa eigedomsgrensene heilt sør til Kviteneset.



## 5. Verknader av eit vern

Hovudformålet med å verne eit naturområde er i store trekk å bevare landskapet, artane og leveområda deira for framtida, uavhengig av samfunnsutviklinga elles. Restriksjonar på bruk og tiltak gjer også at den tradisjonelle bruken av naturen til beite, jakt, fiske og anna friluftsliv blir sikra for framtidige generasjonar.

### 5.1 Restriksjonar på bruken av området

Dei konkrete restriksjonane som gjeld i eit verna område går fram av *verneforskrifta*, som kan variere noko i ulike verneområde på grunn av ulike verneformål og tidlegare bruk av området. Men generelt betyr vern først og fremst restriksjonar på tekniske inngrep, med forbod mot nye bygningar, massetak, vegar og installasjonar av ulike slag. I tillegg er motorferdsel i utgangspunktet forbode.

Verneforskrifter følgjer ein mal, slik at verneområde av same type har nokolunde like reglar. Utover ein del reint formalistisk tekst er innhaldet i stor grad tredelt: Malen nemner først kva tiltak og aktivitetar som er *forbode*; deretter kva som trass i forbodet likevel er *tillate utan søknad* (dette vil i stor grad vere vedlikehald av eksisterande innretningar knytt til tradisjonell bruk); og til slutt kva ein kan *søke* om å få lov til (som regel litt meir inngripande eller nye tiltak).

Verneforskrifta for *Jostedalsbreen nasjonalpark* kan brukast som døme: Del I nemner lovgrunnlaget for vernet og kva kommunar som er omfatta, mens del II spesifiserer kva eigedomar som er omfatta av vernet, og del III skildrar formålet med vernet.

Så kjem del IV, med dei spesifiserte vernereglane. Dei første punkta gjeld landskapet, eller i praksis kva reglar som gjeld for terrenginngrep. Her er det ei tydeleg tredeling:

IV. For nasjonalparken gjeld følgjande reglar:

#### 1. Landskapet

1.1. Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, drenering og anna form for tørrlegging, framføring av luft- og jordleidningar, nydyrking, bakkeplanering, nyplanting, bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper o.l. Oppstillinga er ikkje uttømmande.

1. Først ei oppramsing av tiltak som i utgangspunktet er forbode

Det er forbode å bryte laus stein, mineralar eller fossilar. Det same gjeld uttak av slikt materiale for sal. Uttak av stor stein eller stein i store mengder er også forbode.

1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggjeskikken på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast,
- vedlikehald av eksisterande vegar, luftleidningar, vatningsanlegg og andre innretningar som er naudsynte for drift av setrar, turlagshytter m.m.,
- vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking, skilt og vegvisarar o.l. Forvaltningsstyresmakta kan nekte slikt vedlikehald når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskeleg å redusere ferdsla i einskilde område.

2. Så kjem unntaka: Først dei ein kan gjennomføre utan vidare (utan søknad)

1.3 Forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det kan når særlege grunnar ligg føre gje løyve til:

- å byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under pkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området,
- oppføring av bygningar og anlegg i samband med oppsyn,
- bygging av bruer og klopper,
- merking og rydding av nye stiar og løyper, og oppsetjing av skilt og vegvisarar.

3. Deretter unntak ein kan få løyve til etter søknad.

Det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter pkt 1.3.

Ei tilsvarande utforming gjeld også det som står om planteliv, dyreliv, motorferdsel og forureining.

Det kan variere mye både kva slags restriksjonar som det er relevant å nemne i verneforskrifta, og ikkje minst kva slags unntak som er aktuelle. For å spare plass er det på førre side utelate eit punkt frå verneforskrifta for Jostedalsbreen:

1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- regulering av Trollavatn (988 moh) som ligg delvis innafor vernegrensa i Jølster kommune, i samband med eventuelle utbyggingstiltak utanfor nasjonalparken dersom dette vassdragsprosjektet blir plassert i kategori I i Samla Plan for vassdrag.

Det finst mange døme på spesialtilpassingar av liknande type (men sjeldan så omfattande som her) i ulike verneforskrifter. Som regel skriv dei seg frå innspel som har kome inn når verneframlegget har vore på høyring, eller frå dei innleiande rundane med grunneigarkontakt. I tilfellet over var ei utbygging allereie i prosess, men ikkje ferdigbehandla før vernearbeidet kom i gong.

**Det er viktig å vere klar over at det er rom for diskusjon om både verneforskrift og avgrensing, og at begge delar vil stå sentralt i den vidare kontakten med kommune, grunneigarar, organisasjonar og brukarar.**

Med dette atterhaldet har vi valt å gje ei generell vurdering av kva restriksjonsnivå ein kan rekne med for ein eventuell Hornelen nasjonalpark, basert på den bruken vi kjenner til no:

### **Landskap**

Det ligg tre stølsområde på fjellet. Det må vere opning for å vedlikehalde bygningane utan søknad så lenge dei ikkje byggast om, og det bør også vere mogleg å søke om ombygging (men merk at det ikkje er nokon automatikk i å gje løyve sjølv om det er mogleg å søke om det; utfallet er avhengig av kor omfattande endringar det søkast om). Andre tiltak som bør kunne gjennomførast utan søknad er vedlikehald av eksisterande stiar, bruer, kloppar, vardar og liknande, og via ferrata-installasjonane i verneområdet. Nye stiar osv. bør vere søknadspliktige, for at forvaltinga skal ha oversikt over tiltak i verneområdet og vurdere om dei er ønskelege og i tråd med verneformålet. Det er ingen vegar eller kraftliner i det føreslåtte området for nasjonalparken, så slike treng ikkje nemnast spesielt i ei verneforskrift for Hornelen nasjonalpark. Bygging av nye vegar og kraftliner vil ikkje vere tillate i ein nasjonalpark.

Ifølge kartgrunnlaget er det sju eigedomsteigar i nedre del av området mot sør. Dei ligg i den delen av Hornelen-halvøya som har det største potensialet for eit rikt artsmangfald (sørvendt og varmt om sommaren, med innslag av edellauvskog), og som har ein upåverka gradient frå fjord til fjell. Vi kjenner ikkje bakgrunnen for at desse teigane er skilde ut, men det vil ikkje vere i tråd med verneformålet for ein nasjonalpark eller eit landskapsvernområde å t.d. bygge hytter her. Det vil nok uansett vere vanskeleg å få bygge hytter her sjølv om området ikkje blir verna, men det kan vere andre grunnar til at desse teigane er skilde ut. Verneprosessen vil gjere greie for historikken bak, og om den tilseier at det kan vere aktuelt med erstatning (sjå del 6 om erstatning).

### **Planteliv**

Det blir ingen restriksjonar på plukking av bær og matsopp. Når det gjeld hogst av ved til stølshusa, må det avklarast korleis dette har vore gjort til no, og i kva grad eventuell tilvekst i nærområdet tolerer eit visst uttak.

### **Dyreliv**

Det er vanleg i nasjonalparkar at jakt og fiske er tillate på vanleg måte, dvs etter reglane i hv. viltlova og lakse- og innlandsfiskelova. Det gjeld generelt eit forbod mot å sette ut nye artar av alle typar,

både på land og i vatn, eller t.d. lokale fiskeslag i vatn der det ikkje er fisk i dag (fisketome vatn kan ha ein rik vassfauna, som er viktig næring for t.d. vassfuglar).

### **Motorferdsel**

All motorferdsel er i utgangspunktet forbode i verna område, både på land, i vatn og i lufta. Men erfaringsmessig er det behov for fleire unntak frå denne hovudregelen. Det er i dei fleste verneområde fri opning for motorferdsel i samband med politi- og redningsteneste, forvaltning og skjøtsel i regi av forvaltingsstyresmakta, og i samband med militær operativ aktivitet. Øvingsaktivitet fell ikkje inn under dette punktet. Det bør kunne søkast om, men generelt skal det ikkje bli gitt løyve til aktivitetar som like gjerne kan gjennomførast utanfor verna område. For transport av materialar til vedlikehald på bygningar, kloppar, bruer og liknande bør det også vere opning for motorferdsel etter søknad, for at forvaltninga skal få overblikk over aktivitetsnivået og -behovet. I nokre nasjonalparkar og andre større verneområde er det også opna for motorferdsel for å frakte ut felt storvilt.

### **Den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48**

Erfaring viser at det er vanskeleg å føreseie i dag kva behov og utfordringar som kan dukke opp i framtida. Dei fleste relevante aktivitetar i eit verneområde vil rett nok bli fanga opp under verneprosessen og vurdert under arbeidet med verneforskrifta, men av og til dukkar det opp problemstillingar som verneforskrifta ikkje kan gje svar på. Derfor har verneforskrifter ofte ein eigen heimel som gjer det mogleg å vurdere søknadar om aktivitetar og tiltak som verneforskrifta elles ikkje gir opning for. Etter at naturmangfaldlova kom i 2009, har denne heimelen blitt overtatt av § 48 i lova. Første ledd er formulert slik:

*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

Første del av setninga opnar for å gi løyve til aktivitetar og tiltak som ikkje er nemnt i verneforskrifta, så lenge dei ikkje verkar negativt inn på landskapsverdiar, artar, naturtypar, kulturminne eller høvet til å drive eit enkelt friluftsliv. Den andre delen gir opning for større og meir omfattande inngrep, men føresetnaden er at dei må vere grunngitte i vesentlege tryggingssbehov (t.d. sikring av vegar med stor trafikk) eller vesentlege samfunnsinteresser (t.d. store overføringslinjer i kraftnettet eller nasjonalt viktige trafikkårer dersom det ikkje finst alternative traséar. Lokalt eller regionalt viktige tiltak som kraftverk og regionalnett definerast her ikkje som «vesentlege samfunnsinteresser»).

### **5.2 Forvaltning før og etter eit vernevedtak**

Areal som ikkje er verna blir i dag forvalta etter plan- og bygningslova, motorferdsellova og andre særlover. Desse lovverka set også avgrensingar på bruken. Plan- og bygningslova regulerer all byggeverksemd, massetak og andre arealinngrep, og slike tiltak må også ha løyve frå grunneigar. Motorferdsellova regulerer all motorferdsel i utmark. Også her må ein ha løyve frå grunneigar. Dersom eit område blir verna, kjem det i tillegg ei verneforskrift som regulerer dei same tilhøva, og eit vern etter naturmangfaldlova fører dermed til at søknad må sendast til ein instans ekstra (forvaltingsstyresmakta).

Dette betyr likevel ikkje nødvendigvis at saksbehandlingstida blir lenger, for i praksis viser det seg ofte at kommunen sin saksbehandlar avventar og følgjer opp saksbehandling og avgjerd frå forvaltingsstyresmakta, og sparer arbeidstid på det. Ved etablering av ein nasjonalpark følgjer det midlar til oppretting og drift av eit nasjonalparkstyre med representantar frå kommune og fylkeskommune, og til å tilsette ein nasjonalparkforvaltar som sekretær for styret (eventuelt kan det vere ein felles forvaltar for fleire store verneområde i same region). Mange enkle sakstypar kan behandlast direkte av nasjonalparkforvaltaren/sekretæren på delegert fullmakt frå styret. Då kan

saksbehandlinga gå raskare enn før. Dersom søknad uansett må skrivast kan den med elektronisk post sendast likelydande til fleire mottakarar, slik at søknadsskrivinga ikkje blir vesentlig meir omfattande sjølv om det kjem ein ny instans inn i biletet.

### **5.3 Nasjonalparkstyre, økonomi og praktiske tilhøve**


Nasjonalparkar og andre store verneområde forvaltast lokalt, ved at det blir oppretta eit verneområdestyre med representantar frå kommune og fylkeskommune. Styret forvaltar verneområdet på vegne av staten, og innanfor dei rammene som verneforskrifta set for forvaltninga.

Nasjonalparkforvaltaren som fungerer som sekretær for styret blir tilsett av, og løna av Statsforvaltaren. Sjølv om Statsforvaltaren dermed formelt sett er arbeidsgjevar, er forvaltaren underlagt nasjonalparkstyret i det som har med forvaltninga av nasjonalparken å gjere.

Nasjonalparkforvaltaren sine hovudoppgåver vil vere å førebu saker for nasjonalparkstyret, ha ansvaret for oppfølging av styret sine vedtak, samarbeide med Statens naturoppsyn, utarbeide forvaltingsplan og følgje opp grunneigarar og andre brukarar. Det er elles vanleg å opprette eit rådgjevande utval med representantar for grunneigarane og andre brukargrupper.

Statens naturoppsyn (SNO) utfører oppdrag knytt til tilrettelegging, skjøtsel og andre praktiske tilhøve på oppdrag frå nasjonalparkstyret, eller frå nasjonalparkforvaltaren i saker der styret har delegert mynde til å gjere det.

Tiltak i verneområde blir finansiert gjennom årlege løyvingar frå Miljødirektoratet, basert på innmeldte behov. Av store verneområde i same region fekk Ålfotbreen verneområdestyre i 2022 tildelt 300 000 til tiltak og 115 000 til drift, og Naustdal-Gjengedal verneområdestyre fekk tildelt 500 000 til tiltak og 95 000 til drift (løn til verneområdeforvaltar er ikkje ein del av dette).



*Legging av trekloppar på myr i Naustdal-Gjengedal LVO. Andre døme på tiltak i eit verneområde kan vere:*

- *utbetring av stiar og bruer*
- *informasjonsskilt*
- *tilrettelegging for parkering og toalett i innfartsområde*
- *fjerning av framande artar*
- *skjøtsel av spesielle naturtypar*
- *utarbeiding av besøksstrategi*
- *nettsider for verneområdet*

*Foto Alf Erik Røyrvik*

## 6. Erstatning

Naturmangfaldlova seier følgjande om erstatning dersom eit område blir verna:

### § 50 (erstatning til eiere og rettighetshavere i verneområder)

En eier eller rettighetshaver i eiendom som helt eller delvis blir vernet som nasjonalpark, landskapsvernområde, naturreservat, biotopvernområde eller marint verneområde, har rett til erstatning fra staten for økonomisk tap når et vern medfører en vanskeliggjøring av igangværende bruk. For bruk som trenger tillatelse fra offentlig myndighet, gjelder retten til erstatning bare hvis tillatelse er gitt før det er foretatt kunngjøring etter § 42.

Som «igangværende bruk» reknast bruk som faktisk føregår på det tidspunktet vernet blir vedtatt, i motsetnad til bruk som har opphøyr eller som ikkje har kome i gang.

Dersom eit vernevedtak fører til at eit tiltak som krev offentleg løyve (hyttebygging, kraftutbygging, vegbygging, nydyrking og liknande) ikkje kan setjast i verk, blir det gitt erstatning dersom løyve var gitt før det blei kunngjort oppstart av vernearbeidet.

Det er ulemper som har økonomisk betydning som er relevante her. Dersom det finst ein ressurs i området som det ikkje løner seg å ta ut fordi kostnadane ved uttaket er større enn forventa inntekt, blir det ikkje gitt erstatning. Det er også slik at berre økonomisk tap som er ei direkte følge av vernevedtaket kan utløyse erstatning.

Skogbruk er pårekeleg bruk som blir forbode i eit verneområde. Vi er usikre på om det er drivverdig skog i området ved Hornelen, men det vil kome fram under verneprosessen. Skog skal i så fall erstattast etter prinsippa for frivillig skogvern, som tilseier at det skal vere meir lønsamt for skogeigar å verne skogen enn å hogge den.

## 7. Oppstartvarsel

Kunngjering av at arbeid med vern startar opp, også omtalt som oppstartvarsel, skal skje i avis og eventuelt andre media som er «alminnelig lest på stedet» (naturmangfaldlova § 42). Grunneigarar og andre med interesser i området blir varsla med brev.

Før oppstartvarsel skal det etter § 42 «søkes samarbeid med offentlige myndigheter, organisasjoner mv. som har særlig interesse i tiltaket». Dette vil bli sett i verk etter at kommunen har avgjort om den ønskjer at det blir arbeidd vidare med ein nasjonalpark ved Hornelen.

Ein Hornelen nasjonalpark vil bli for liten til at arbeidet utløyser krav om konsekvensutgreiing, men det vil vere naturleg å lage ei saksutgreiing som ligg nær opp mot ei konsekvensutgreiing.

## 8. Verneforskrift

Det er ikkje laga noko utkast til verneforskrift for ein eventuell Hornelen nasjonalpark, men som eit døme på korleis ei verneforskrift kan vere utforma, er verneforskrifta for Jostedalbreen nasjonalpark lagt inn på dei neste sidene.

# **Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn kommuner, Sogn og Fjordane.**

Fastsett ved kgl.res. 25. oktober 1991. Fremja av Miljøverndepartementet.  
Endra ved forskrifter 18 juni 1998 nr. 639, 22 mai 2018 nr. 750.

## **I**

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63 § 3, jfr § 4 og §§ 21, 22 og 23, er det ved kongeleg resolusjon av 25. oktober 1991, endra ved kgl. res. av 18. juni 1998, verna eit område i kommunane Luster, Sogndal, Balestrand, Førde, Jølster, Gloppen og Stryn i Sogn og Fjordane fylke som nasjonalpark under namnet «Jostedalsbreen nasjonalpark».

## **II**

Nasjonalparken femner om størstedelen av Jostedalsbreen statsallmenning, heile Myklebustbreen statsallmenning, Svardals-/Steindalsbreen statsallmenning og Grovabreen statsallmenning.

Det samla arealet er ca. 1314 km<sup>2</sup> . Av dette ligg omlag 370 km<sup>2</sup> på privat grunn.

I tillegg til statsgrunn femner nasjonalparken om delar av følgjande gnr./bnr.:

- Luster kommune: ...
- Sogndal kommune: ...
- Balestrand kommune: ...
- Førde kommune: ...
- Jølster kommune: ...
- Gloppen kommune: ...
- Stryn kommune: ...

Grensene for nasjonalparken går fram av kart merka Miljødirektoratet februar 2018. Dei nøyaktige grensene for nasjonalparken skal om mogleg avmerkast i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

## **III**

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

## **IV**

For nasjonalparken gjeld følgjande reglar:

### **1. Landskapet**

1.1. Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde og anlegg, bygging av vegar, bergverksdrift, regulering av vassdrag, graving og påfylling av masse, sprenging og boring, drenering og anna form for tørrlegging, framføring av luft- og jordleidningar, nydyrking, bakkeplanering, nyplanting, bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmende.

Det er forbode å bryte laus stein, mineralar eller fossilar. Det same gjeld uttak av slikt materiale for sal. Uttak av stor stein eller stein i store mengder er også forbode.

1.2 Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

- at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggjeskikken på staden, men ikkje endrast, byggjast om eller utvidast,
- vedlikehald av eksisterande vegar, luftleidningar, vatningsanlegg og andre innretningar som er naudsynte for drift av setrar, turlagshytter m.m.,
- vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking, skilt og vegvisarar o.l. Forvaltningsstyresmakta kan nekte slikt vedlikehald når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsle i einskilde område,
- regulering av Trollavatn (988 moh) som ligg delvis innafor vernegrensa i Jølster kommune, i samband med eventuelle utbyggingstiltak utanfor nasjonalparken dersom dette vassdragsprosjektet blir plassert i kategori I i Samla Plan for vassdrag.

1.3 Forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det kan når særlege grunnar ligg føre gje løyve til:

- byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under pkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området,
- oppføring av bygningar og anlegg i samband med oppsyn,
- bygging av bruer og klopper,
- merking og rydding av nye stiar og løyper, og oppsetjing av skilt og vegvisarar.

Det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter pkt 1.3.

## **2. Plantelivet**

2.1 Vegetasjonen, også daude tre og buskar, er verna mot all slags skade og øydelegging som ikkje kjem av vanleg ferdsle og tradisjonell beiting i utmark.

Nye planteartar må ikkje innførast. Treslagskifte og granplanting er ikkje tillate.

2.2 Reglane i pkt 2.1. er ikkje til hinder for:

- bruk av nedfalle virke og tørre kvistar til bål på staden,
- plukking av bær og matsopp og plukking av vanlege blomar og friske kvistar til eige bruk,
- uttak av trevirke (plukkhogst) til brensel for hytter i nasjonalparken.

2.3 Forvaltningsstyresmakta eller den som får fullmakt til det, kan gje grunneigaren løyve til:

- uttak av trevirke til brensel til eige bruk i nærare avgrensa område,
- rydding av beite i nærare avgrensa område,
- rydding av dyretrakk (beitesti).

Det kan stillast vilkår for løyve som vert gjeve etter pkt 2.3.

## **3. Dyrelivet**

Jakt er tillate etter viltlova sine reglar. Fiske er tillate etter lakse- og innlandsfiskeleva.

3.1 Nye dyreartar må ikkje innførast.

Nye fiskeartar eller næringsdyr for fisk må ikkje innførast utan løyve etter pkt 3.2.

3.2 Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

- ny innføring av artar som lokalt er utrydda,
- tiltak for fremjing av fiske, når slike tiltak elles ikkje strir mot føremålet med vernet.

#### **4. Motorferdsle**

4.1 Motorferdsle på land og i vatn, også landing med luftfartøy, er forbode. Som landing reknast òg om eit luftfartøy hentar eller set av folk eller gods medan det står stille i lufta. Lågtflyging mindre enn 300 m over bakken er forbode.

4.2 Reglane i pkt 4.1 er ikkje til hinder for:

- motorferdsle i samband med politi-, ambulanse- og redningsteneste,
  - motorferdsle i samband med forvaltning, tilsyn, skjøtsel og sikringsarbeid med heimel i lov,
  - motorferdsle i samband med militær, operativ verksemd.
  - lågtflyging under 300 m over bakken dersom akutte vertilhøve krev det for å sikre tryggleiken.
- Øvingskøyring for ovannemnde føremål er ikkje tillate.

Det skal gjevast skriftleg melding til forvaltningsstyresmakta etter at motorferdsle i samsvar med pkt 4.2 har funne stad.

4.3 Forvaltningsstyresmakta eller den som får fullmakt til det kan gje løyve til:

- motorferdsle i samband med husdyrhald og vedhogst,
- motorferdsle for transport av materialar til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer,
- motorferdsle i samband med vitskaplege granskingar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon,
- motorferdsle i samband med øving i redning frå bresprekk.

Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsle til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.

Det kan stillast vilkår for løyve som vert gjeve etter pkt 4.3.

#### **5. Ureining**

5.1 Ureining og forsøpling er forbode. Avfall skal takast med ut av området. Det må ikkje nyttast kjemiske midlar, medrekna kalking av vatn og bruk av kunstgjødsel som kan påverke naturmiljøet.

5.2 Unnateke frå reglane i pkt 5.1 er utslepp som det er gjeve løyve til etter ureiningslova.

5.3 Forvaltningsstyresmakta eller den som får fullmakt til det, kan gje løyve til brenning av avfall frå hytter.

#### **6. Ferdslе og annan aktivitet**

All ferdslе og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur- og kulturverdiar, uroar vilt eller er til ulempe for andre.

Idrettsarrangement og jaktprøver i nasjonalparken er forbode. Turlagsverksemd, naturguiding, turguiding, breføring, kurs m.m. er tillate dersom det ikkje strir mot vernereglane.

Ferdslе i samband med militær, operativ verksemd er tillate.

#### **V**

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan sette i verk tiltak for fremje føremålet med vernet. Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for gjennomføring av tiltak når det gjeld forvaltning, skjøtsel, tilrettelegging, informasjon og rådgjeving.

#### **VI**

Forvaltningsstyresmakta eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjere unnatak frå vernereglane når føremålet med vernet krev det, for vitskaplege granskingar og arbeid av vesentleg verdi for samfunnet, eller i andre særlege høve når dette ikkje strir mot føremålet med vernet.

## **VII**

Forvaltninga av forskriftene er lagt til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

## **VIII**

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.

## 9. Vedlegg:

### Tilbakemeldingar etter informasjonsmøte i Berle

Det har blitt gjennomført tre informasjonsmøte, der invitasjon er sendt til alle som i matrikkelen er registrert med eigedom på Hornelen-halvøya, og andre brukarar. Møte blei gjennomført 13. april, 31. mai og 27. september, i grendahuset i Berle. Talet på fram møtte har vore mellom 25 og 30 personar.

På møtet 31.mai blei det oppmoda om å sende inn spørsmål og kommentarar til Statsforvaltaren om mogleg vern av Hornelen, dersom det var ting ein meinte ikkje hadde kome godt nok fram under dei to første informasjonsmøta.

Statsforvaltaren fekk seks tilbakemeldingar:

- **Tre** uttrykte seg positivt til vern med det første utkastet til avgrensing som var presentert på møta (ein med framlegg til å trekke grensa noko lenger unna lokalvegen til Berleneset),
- **Ein** ønskte ei større justering av grensene i sør (for å halde skogteigane der utanfor),
- **Ein** var imot vern fordi aukande turisme vil kunne gi aukande problem med parkering og manglande sanitæranlegg.
- **Ein** var negativ men undrande, og sendte inn eit stort tal spørsmål og kommentarar i fleire rundar, også før den nemnte spørsmålsrunden.

Nedanfor har vi samla dei innkomne spørsmåla temavis på grå bakgrunn. Dei er følgde av svar frå Statsforvaltaren, kort samanfatta i punkt som blei gjennomgått på det siste informasjonsmøtet i Berle i september (og vist under møte i kommunestyret 9. november):

#### Vil bruksrettar knytt til skogteigar og strandlinja i Storelia/Berlestranda bli som før?

- Eit gammalt kulturlandskap der det har vore drive lett skogdrift, utmarksbeite, uttak av tjærerøter, jakt og fiske i fleire hundre år. I dag blir arealet hovudsakleg brukt til jakt.
- Ynskjer at skogteigane langs Berlestranda skal vere urørt av verneplan, og at det er fri tilkomst til strandlinja.
- Ynskjer at grensene for verneområdet vert flytte opp ovanfor skogteigane, slik at strandsona og skogen framleis er tilgjengeleg som ordinær utmark. Det kan vere naturleg å tenkje at vernegrensa for ein mogleg nasjonalpark mot sør enten føl yttergrensene for skogteigane, eller at den føl den geologiske grensa for dei devonske avsetjingane.
- Nasjonalparkstatus vil ikkje påverke rett til jakt og fiske.
- Statusen kan heller ikkje gi restriksjonar på ferdsel til fots, med mindre den er av eit slikt omfang at den kan skade naturmiljøet (og i så fall berre i avgrensa delområde, jf. naturmangfaldlova (NML) § 35). Ikkje aktuelt i eit område med så lite ferdsel.
- Det sørvendte skogområdet er ein viktig del av forslaget om Hornelen som kandidat område til å bli nasjonalpark. Det er truleg der det største artsmangfaldet finst, og saman med den fuktige og kjøligare lia på nordsida med heilt andre livsvilkår, gjer dei Hornelen-halvøya til eit variasjonsrikt område med store kontrastar (nord/sør og frå fjøre til fjell).
- Vi må avklare den naturfaglege verdien av skogen, kva bruksmåtar og bruksrettar ein meiner kan bli påverka, og finne ut om desse er i konflikt med eit eventuelt vern.

### Vil eit vern kunne gjere noko med problema knytt til ferdsel?

- Nokre eigedomar er prega av dagens ferdsel, og blir delvis brukt som utedo. Gjerde blir trakka ned. Vern vil kunne føre til auka turisme og aukande problem knytt til ferdsel.
- Kommunen kan neppe garantere å setje opp sanitæranlegg og utvida parkering.
- Nasjonalparkstatus vil gi tilgang til forvaltingsmidlar som m.a. kan brukast til å lage toalett og parkeringsplassar.
- Forvaltingsmidlar kan også brukast til å lage tydelege startpunkt og stiar der dei er til minst ulempe for grunneigarane, og å sette opp informasjon til besøkande.
- Det er ikkje kommunen, men verneområdestyret som får tildelt slike midlar. Dette skjer årleg, etter innmelding av behov til Miljødirektoratet.
- Det kan leggjast inn i verneforskrifta at det skal vere mogleg å legge om eller fjerne stiar.
- Organisert ferdsel i større omfang kan regulerast i verneforskrift og forvaltingsplan *dersom den kan føre til skade på naturmiljøet*, inkl. forstyrring av dyreliv

### Vil ein nasjonalpark gjere det meir omstendeleg å bruke området for grunneigarar og andre?

- Fryktar ytterlegare byråkratisering i samband med bruk av eigen grunn.
- Må forhalde seg til verneforskrifta i tillegg til det ein må søke kommunen om etter anna lovverk.
- Kan eit verneområdestyre overkøyre grunneigarane sine rettar dersom det skal gjerast tiltak (t.d. stiar?)
- Det vil bli eit ekstra ledd i forvaltninga, i form av eit verneområdestyre med representantar frå kommune og fylkeskommune.
- Ein verneområdeforvaltar fungerer som mellomledd mellom brukarane og styret. Enkle saker kjem ofte igjen årleg, og kan delegerast til forvaltaren. Blir godt kjent med brukarane og problemstillingane i området, og kan derfor behandle saker raskt. Der det trengst løyve, kan slike ofte bli gitt for fleire år om gongen.
- Søknad om tiltak kan sendast til kommunen og verneområdestyret samtidig.
- I verneområde på privat grunn må ein som andre stader ha løyve frå grunneigarane for å setje i verk tiltak som krev løyve frå plan- og bygningslova (bygging, massetak, arealinngrep generelt) og/eller motorferdsellova.

### Kan ein nasjonalpark stengast for allmenn ferdsel?

- Viser spesielt til forslaget om å stenge via ferraten for anna enn ferdsel med førar.
- «Ferdsl til fots kan bare begrenses eller forbyes i avgrensede områder i en nasjonalpark, og bare dersom det er nødvendig for å bevare planter eller dyr, kulturminner eller geologiske forekomster» (§ 35 i naturmangfaldlova).
- Den nedre delen av via ferrataen kan det vere aktuelt å ta ut av ein eventuell nasjonalpark på grunn av inngrepa som er gjort der, men dette vil bli vurdert nærare under utgreiinga.

### Kan delar av Frøysjøen bli inkludert i ein nasjonalpark?

- Hornelen-halvøya ligg i eit område som trass i få inngrep og store landskapsverdiar er under press frå oppdrettsindustri, energiselskap og gruvedrift. Dersom vern, bør det også gjelde i sjøen.
- Ein eventuell Hornelen nasjonalpark kan også inkludere sjøområde som grensar til verneområdet. Det finst nasjonalparkar som femnar om sjøområde, sjølv om det ikkje er vanleg (det er få nasjonalparkar langs kysten): Ytre Hvaler NP, Færder NP, Jomfruland NP, Raet NP, Lofotodden NP.
- Det kan til dømes vere aktuelt å inkludere undervassdelen av fjellsidene ned til botnen der dei flatar ut mot vest og sør (*verne landskapet med planter, dyr, geologiske forekomster...*).
- Ifølgje miljødirektoratet kan dette vere aktuelt dersom det er ønske om det lokalt.
- Motorisert og annan ferdsel på sjøen blir ikkje påverka. Vernet vil i hovudsak gjelde sjøbotnen (t.d. dumping av massar, opplagsankring) og tiltak som påverker landskapet (t.d. akvakulturanlegg, ankringsbøyer).

### Jakt

- Er det slik at arter som er jaktbare etter viltloven kan jaktas på?
- Kan det benyttes helikopter under jakt/vedlikehold av sel på fjellet?
- I dag må kommunen gi landingsløyve, noe som kan være vanskelig å få, men blir dette enklere i en nasjonalpark?
- Jakt etter regelverket i viltlova er tillate i norske nasjonalparker, men det finst nokre der mindre delområde er stengt for jakt (Øvre Dividal NP) eller der det berre er lov å jakte elg (Gutulia NP).
- Motorferdsel er i utgangspunktet forbode, men i fleire nasjonalparker er det opning for å gi løyve til helikoptertransport av materialar til vedlikehald av bygningar. I nokre nasjonalparker er det også opning for å transportere ut felt storvilt. Dersom det er ønske om dette, og det kjem inn i verneforskrifta, vil det fungere som ei retningslinje. Men dette er noko ein kan gi løyve til, ikkje noko ein *skal* gi løyve til. Dersom helikoptertrafikk i jakttida blir ei belastning, må verneområdestyret vurdere avslag eller ei meir restriktiv linje.

### Skog og jordbruk

- Kan ein sage ved kvar som helst, eller ta ut skog? Kan det plantast ut ny skog?
- Kan det bli sett opp gjerde der det ikkje står gjerde i dag?
- Kan ein ta ut grus og stein til eige bruk?
- Vil det bli gitt erstatning for vern av skog?
- Uttak av ved kan normalt skje rundt t.d. stølar, til bruk på staden (retningslinjer kan bli gitt i forvaltingsplan). Skogsdrift kan ikkje skje inne i ein nasjonalpark, og det kan ikkje plantast ut ny skog. Uttak av skog i form av plukkhogst kan diskuteras dersom det er spesielle behov og avgrensa omfang, men vil normalt ikkje vere tillate.
- Nye gjerde kan bli sett opp etter søknad. Eksisterande gjerde og andre anlegg (bruer, kloppar, saltstein) kan haldast ved like utan søknad. Motorferdsel må det søkast om, med unntak for uttransport av sjuke beitedyr.

- Uttak av grus og stein er normalt ikkje lov, og må skje utanfor vernegrensene.
- Skog i verneområde blir erstatta etter same prosess som for frivillig skogvern, dvs. at det skal løne seg å verne skogen framfor å ta den ut. Skogeigarorganisasjonane står for takst og prosess, og staten dekker utgiftene.